



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Heinz Diehl	FE - 230, FA - G10	18/511

Saksnr	Utval	Type	Dato
114/18	Formannskapet	PS	26.11.2018
083/18	Kommunestyret	PS	13.12.2018

Justering av satsar for tryggleiksalarm 2019 Kommunebudsjett 2019

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Tenesta er ikkje lovpålagt, men vurderast ut frå behovet til søkjaren for helse- og omsorgstenester etter lov om helse- og omsorgstenester i kommunen § 3-1, jfr. § 3-2. Føremål med tenesta er å gje brukaren tryggleik ved trong for akutt helsehjelp og for å utsetja institusjonsinnlegging, slik at brukaren kan klara seg betre og lengre i eigen heim.

Fedje kommunestyre vedtok 17.12.2015 i sak 085/15 at tryggleiksalarm frå 2016 av vert gratis for alle i Fedje kommune som har trong for det. I 2015 var leigeprisen for tryggleiksalarm kr 278 per måned. Pr i dag har Fedje kommune avtale med Doro Care AS om drift av tryggleiksalarmane, som òg inkluderer vaktssentral som vidareformidlar alarmane til pleiepersonalet på sjukeheimen. Tryggleiksalarmane som har vore brukt på Fedje er av nyaste teknologisk stand og kommuniserer digitalt med Doro sine system. Dette inkluderer òg ein kontinuerleg digital sjølvkontroll og rapportering av driftsstatus, slik at ein eventuell feilfunksjon blir oppdaga straks.

Vurdering

Alternativkostnadane for drift av tryggleiksalarmane er per i dag omtrent kr 38.000 per år. Re-innføring av ein månedleg leigepris vil bidra til å dekkja nokon av desse kostnadane. Desse pengane kunne òg vorte brukt til å dekkja nokon av utgiftene til innkjøp og implementering av velferdsteknologi, som ville finna stad i perioden 2019-2020 og der tryggleiksalarmar vil utgjera ein del av teknologien. Forventa kostnadar for innkjøp av velferdsteknologiske løysingar i 2019 er kr 215 000.

Folkehelse

Statistisk sett lever vi lenger og er friskare jo lenger utdanning og høgare inntekt vi har. Sosial ulikhet i helse dannar såleis mønster av ein gradient gjennom heile folkesetnaden. Gratis tryggleiksalarm bidreg ikkje til ei utjamning av helsegradienten fordi låginntektshushald med trong for denne teknologien vil ikkje bli belasta økonomisk – men samtidig, så vil òg hushald med høgare inntekt ikkje få ein auka økonomisk belastning. For å påverka helsegradienten og dermed å fremja folkehelsa ville det vore naudsynt med graderte leigeprisar, slik at låginntektshushald betaler forholdsvis mindre enn hushald med høgare inntekt.

Miljø

Økonomi

Som ein lineær vidareføring av leigeprisen frå 2015 føreslåast det ein månedleg leigepris for



Fedje kommune

tryggleiksalarm på kr 295. Alternativt føreslåast det ein månadleg leigepris gradert etter hushaldets samla inntekt basert på folketrygdens grunnbeløp etter følgjande tabell:

Inntekt	Leigepris pr månad (kr)
0-2 G	250
2-4 G	295
4-6 G	350
Over 6 G	390

Per i dag er det 15 brukarar av tryggleiksalarm, mens tallet kan vera varierende etter behov.

Konklusjon

Det burde reinnførast ein månadleg leigepris for tryggleiksalarm.

Forslag til vedtak:

Det vert gjeninnført ein månadleg leigepris på kr 295 for tryggleiksalarm frå 01.01.2019.

Formannskapet - 114/18

F - behandling:

Endringsframlegg frå Gidske Borge Kolltveit (Ap):
Gratis tryggleiksalarm for brukarar.

Rådmannen informerte om at det ved ein feil ikkje er budsjettert med inntekter på tryggleiksalarm.

F - vedtak:

Gratis tryggleiksalarm for brukarar.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret - 083/18

K - behandling:

K - vedtak:

Gratis tryggleiksalarm for brukarar.

Samrøystes vedteke.



Fedje kommune